



HEMSEDAL KOMMUNE



**Forskrift 19. juni 2024 om
Folkevaltes økonomiske godtgjering
i Hemsedal kommune.**

Kapittel 1. Heimelsgrunnlag

§ 1-1 Heimel

Forskrifta er fastsatt av kommunestyret i Hemsedal kommune 19.06.2024 med heimel i Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §§ 8-3 til 8-10.

Kapittel 2. Rettar og plikter

§ 2-1. Rettar og plikter

Kommunelova sitt kap. 8 slår fast at den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for sitt arbeid. Forskrift om godtgjersler for folkevalte i Hemsedal kommune skal sikre at politikarane i Hemsedal får godtgjering for dei møta dei stiller på i regi av kommunen. Godtgjersle skal sikre at politikarane får dekkja tap på arbeidsforteneste for møter mellom kl. 07.00 og 17.00. Det gis anledning til å dekke tapt arbeidsforteneste utover kl. 17:00 for til dømes turnusarbeid eller stønad frå NAV. Tapt arbeidsforteneste må dokumenterast. Forskrifta skal også sikre at dei folkevalde får møtegodtgjersle for dei møta dei stiller på, samt eventuell kilometergodtgjersle.

Kommunale møter

I Hemsedal kommune har vi følgjande utval:

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Hovudutval for Livsløp
- Hovudutval for Plan og Ressurs
- Kontrollutvalet
- Sakkyndig nemnd og Klagenemnd for eigedomsskatt
- Andre råd/utval (til dømes eldreråd, ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Viltnemnd og liknande)

I tillegg er Hemsedal kommune representert i ulike interkommunale og regionale utval og representantskap.

Møteplan vert vedteke i Kommunestyret før årsskiftet kvart år. Dersom det er lita saksmengd til eit møte, kan tillyst møte avlysast. Ved behov kan det òg bli sett opp ekstramøte gjennom året.

Godtgjerslereglementet vert revidert kvart 2. år. Godtgjerslereglementet vert lagt fram for kommunestyret for politisk handsaming og vedtak.

Kapittel 3. Lovgrunnlag

§ 3-1. Lovgrunnlag

Jfr. Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 8, Rettigheter og plikter for folkevalte skal Hemsedal kommunestyre sjølv gje forskrift som omfattar:

- Dekning av utgifter og økonomiske tap, Kommuneloven § 8-3
- Arbeidsgodtgjersle, Kommuneloven § 8-4
- Godtgjering ved frikjøp § 8-5
- Ettergodtgjersle § 8-6
- Pensjonsordning § 8-7
- Rett til sjukepengar § 8-8
- Rettigheter ved yrkesskade § 8-9
- Permisjonar § 8-10

Kapittel 4. Ansvar og mynde

§ 4-1. Ansvar og mynde

Medlemmer av eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ pliktar å delta i organet sine møter, dersom ein ikkje har lovleg forfall, jfr. kommunelova § 8-1. Forfall skal meldast til politisk sekretariat som kallar inn vararepresentant.

Det enkelte utvals- og rådsmedlem skal sjølv føra krav om møtegodtgjersle i elektronisk system. Ansvar for attesting og tilvising av godtgjersle og utgiftsdekning i høve denne forskrifta vert lagt til kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren delegerer dette til.

Kapittel 5. Dekning av utgifter, økonomiske tap og tapt arbeidsforteneste

§ 5-1. Ordførar

Ordførarvervet skal godtgjerast med 90 % av stortingsrepresentantane si løn. Ordførargodtgjersle inkluderer *all politisk verksemd*, som mellom anna kommunestyremøter, møter i andre utval, vigsler m.m. Satsen for utbetaling vert justert årleg pr. 1. mai etter lønnsoppgjeret til Stortingsrepresentantane.

For ordførar som ikkje stiller til attval, blir det innvilga ettergodtgjersle i 1,5 månad etter ordførarskiftet, dersom ordførar ikkje har anna lønna arbeid å gå til. For ordførar som stiller til attval, men som ikkje blir attvalt blir det innvilga 3 månaders ettergodtgjersle.

Ordføraren har same rettar til ferie, løn under sjukdom og permisjon som andre tilsette. Hemsedal kommune melder ordførar inn i KLP.

Ordførar si bruk av mobiltelefon dekkast av kommunen. Dekking av naudsynte reiseutgifter vert dekket etter det til ein kvar tid gjeldande kommunale reiseregulativ

§ 5-2. Varaordførar

Varaordførar si godtgjersle blir sett til 7 % av ordførar si godtgjersle.

I tillegg mottek varaordførar møtegodtgjersle for formannskapsmøte og andre møter med den sats som er gjeldande for det enkelte møtet. Varaordførar mottek også møtegodtgjersle tilsvarande formannskapsmøte for kvar vigsel som vert heldt.

Varaordførar har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

Dersom varaordførar går inn i ordførar sin stad, blir ordførargodtgjersle utbetalt frå fyrste dag. Denne godtgjersla erstattar varaordførargodtgjersla i den tid ordførargodtgjersla vert utbetalt. Ordførargodtgjersle trer ikkje inn ved ferieavvikling.

§ 5-3. Leiar for hovudutvala og kontrollutvalet

Leiarane for hovudutvala si godtgjersle blir sett til 6 % av ordførar si godtgjersle.

I tillegg mottek hovudutvalsleiarane møtegodtgjersle for hovudutvalsmøta med kr. 1 437,- pr hovudutvalsmøte dei deltek i. Dei mottek også møtegodtgjersle for kommunestyremøte og andre møter med den sats som er gjeldande for det enkelte møtet.

Leiar for kontrollutvalet si godtgjersle blir sett til 4% av ordførar si godtgjersle.

Leiargodtgjersla skal dekke all politisk verksemd, også kommunestyremøter og andre møter som utvalsleiar deltek i.

Leiar for hovudutvala og kontrollutvalet har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

Nestleiar, eller annan vald møteleiar, som leiar heile møtet, mottek dobbel møtegodtgjersle for møtet.

§ 5-4. Formannskapet

Formannskapet får 2% av ordførar si godtgjersle.

I tillegg mottek formannskapsmedlemmer møtegodtgjersle for formannskapsmøte med kr. 2 874, pr møte. Dei mottek også møtegodtgjersler for kommunestyremøte og andre møter med den sats som er gjeldande for det enkelte møtet.

Formannskapsmedlemmer mottek også møtegodtgjersle for formannskapsmøte for kvar vigsel som vert heldt.

Møtande varamedlemmer i Formannskapet mottek ei godtgjersle kr. 2 874,- pr. møte. For varamedlemmer som berre møter i enkeltsak vert godtgjersla kr. 1 437,-.

Nestleiar, eller annan vald møteleiar, som leiar heile møtet, mottek dobbel møtegodtgjersle for møtet.

Medlem i formannskapet har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

For møter i Hallingtinget blir møtegodtgjersle betalt av Regionrådet for Hallingdal.

§ 5-5. Kommunestyret

Medlemmer og møtande varamedlemmer i kommunestyret mottek ei godtgjersle kr. 2 000,- pr. møte. For varamedlemmer som berre møter i enkeltsak vert godtgjersla kr. 1 000,-.

For korte møter med 1-2 saker på sakslista som vert heldt elektronisk via Teams, vert det utbetalt halv møtegodtgjersle pr møte til medlemmer og møtande varamedlemmer.

Medlemmene får dekkta tapt arbeidsforteneste i tida mellom 07:00 – 17:00. I enkelte tilfelle kan det ystast tapt arbeidsforteneste frå kommunen etter kl. 17:00, til dømes ved turnusarbeid eller stønad frå NAV. Vilkåret er at reelt økonomisk tap vert dokumentert. Det gis ikkje møtegodtgjersle for politiske arbeidsdagar og liknande, men tapt arbeidsforteneste blir dekkta.

Medlemmene har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

§ 5-6. Hovudutval og kontrollutvalet

Medlemmer og møtande varamedlemmer mottek ei møtegodtgjersle på kr. 1 437,- pr. møte. Dersom ein folkevald deltek på fleire utvalsmøter pr. dag betalast heil godtgjersle for kvart møte. For varamedlemmer som berre møter i enkeltsak vert godtgjersla kr. 719,-.

Medlemmene får dekkta tapt arbeidsforteneste i tida mellom 07:00 – 17:00. I enkelte tilfelle kan det ystast tapt arbeidsforteneste frå kommunen etter kl. 17:00, til dømes ved turnusarbeid eller stønad frå NAV. Vilkåret er at reelt økonomisk tap vert dokumentert. Medlemmen pliktar sjølv å skrive opp kor mange timer møtet varte og levere tilstrekkelig dokumentasjon på legitimert tapt arbeidsforteneste.

Medlemmene har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

§ 5-7. Sakkyndig nemnd, Klagenemnd for eigedomsskatt og interkommunale/regionale utval

Medlemmer og møtande varamedlemmer mottek ei møtegodtgjersle på kr. 1 000,- pr. møte. For varamedlemmer som berre møter i enkeltsak vert godtgjersla kr. 500,-.

Folkevalde representantar som kommunen har oppnemnt i interkommunale eller regionale styrer, råd eller utval mottek ei møtegodtgjersle på kr. 1 000,- pr møte dersom ikkje utvalet/rådet utbetalar godtgjersle etter eigne satsar.

Medlemmene får dekkta tapt arbeidsforteneste i tida mellom 07:00 – 17:00. I enkelte tilfelle kan det ystast tapt arbeidsforteneste frå kommunen etter kl. 17:00, til dømes ved turnusarbeid eller stønad frå NAV. Vilkåret er at reelt økonomisk tap vert dokumentert. Medlemmene pliktar sjølv å skrive opp kor mange timer møtet varte og levere tilstrekkelig dokumentasjon på legitimert tapt arbeidsforteneste.

Medlemmene har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

§ 5-8. Andre råd og utval (medverknadsråd og andre kommunale utval)

Medlemmer og møtande varamedlemmer mottak ei møtegodtgjersle på kr. 500,- pr. møte. Leiar av rådet eller utvalet får dobbel godtgjersle. Nestleiar som leiar heile møtet, mottak dobbel godtgjersle.

Medlemmene får dekkja tappt arbeidsforteneste i tida mellom 07:00 – 17:00. I enkelte tilfelle kan det ytast tappt arbeidsforteneste frå kommunen etter kl. 17:00, til dømes ved turnusarbeid eller stønad frå NAV. Vilåret er at reelt økonomisk tap vert dokumentert. Medlemmen pliktar sjølv å skrive opp kor mange timer møtet varte og levere tilstrekkeleg dokumentasjon på legitimert tappt arbeidsforteneste.

Medlemmene har rett på køyregodtgjersle og kostgodtgjersle.

§ 5-9. Tappt arbeidsforteneste

Medlemmene får dekkja tappt arbeidsforteneste i tida mellom 07:00 – 17:00. I enkelte tilfelle kan det ytast tappt arbeidsforteneste frå kommunen etter kl. 17:00, til dømes ved turnusarbeid eller stønad frå NAV. Vilåret er at reelt økonomisk tap vert dokumentert.

Folkevalde har ikkje tilsetjingsforhold i kommunen. Godtgjersla er ikkje å sjå på som løn. Godtgjersle og utbetaling av fast arbeidsinntekt er likevel innberetningspliktig som inntekt. Det vert trekt skatt i samsvar med skattekort. Kommunen utbetalar ikkje feriepengar av møtegodtgjersle og tappt arbeidsforteneste. Godtgjerslene er heller ikkje pensjonsgjevande inntekt.

Ved deltaking på blant anna kurs og konferansar utbetalast tappt arbeidsforteneste og eventuelt kostgodtgjersle. Representantane har ikkje her rett til møtegodtgjersle i tillegg.

Politikarar som er kommunalt tilsett skal føre ein oversikt over tidsbruken som går med til politiske møter og utval, og legge dette fram for kommunedirektøren innan 1. juli og 15. januar, jf interne rutinar.

For at tappt arbeidsforteneste skal utbetalast, må det sannsynleggjerast at det har vore eit tap. Det skal ikkje utbetalast tappt arbeidsforteneste for tap av fritid eller for arbeidstid ein kan jobbe inn igjen.

Legitimert tappt arbeidsforteneste blir kompensert time for time, med inntil kr. 3 500,- pr. dag. Legitimert tappt arbeidsforteneste skal dokumenterast og vise totalsummen av den tapte arbeidsfortenesta. Arbeidsgivar må fylle ut standard skjema. Sjølvstendig næringsdrivande må søkje om å få godkjent ein sats for tappt arbeidsforteneste.

Ulegitimert tappt arbeidsforteneste av inntekt blir kompensert etter timesats på kr. 200,-, *til saman maksimum kr. 2 500,- pr. dag*. Erstatning for ulegitimert inntektstap gjeld berre om den folkevalde faktisk går glipp av inntekt på grunn av vervet som tillitsvalt, dermed misser inntekta og blir trekt i si ordinære inntekt. Det er ikkje nok at tida den folkevalde brukar til sitt offentlege verv,

kunne ha vore nytta til andre gjeremål (av privat karakter). Representanten må beskrive kva som er det økonomiske tapet og kva slags inntekt ein går glipp av.

For å ha krav på tapt arbeidsforteneste MÅ representantane i skjema for godtgjersle skrive kor mange timar møtet varte! Om timane ikkje er skrive ned, vert det ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste.

Kapittel 6 Telefongodtgjersle

§ 6-1. Telefongodtgjersle

Ordførar sin mobiltelefonbruk blir betalt av kommunen med dei skattereglane som gjeld elektronisk kommunikasjon gitt i «Forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14 § 5-12-20 og § 5-12-21».

Kapittel 7. Køyregodtgjersle og kostgodtgjersle

§ 7-1. Køyregodtgjersle og kostgodtgjersle

Medlemmer i kommunestyre, formannskapet og utval med lengre reiseveg enn 3 km/veg, får dekkja køyreutgifter til og frå kommunehuset. Det er ein føresetnad at bruk av eigen bil, utifrå ein totalvurdering av kostnadar og den tid som går med, er formålstenleg. Administrasjonen kan gjere unnatak og innvilge andre køyregodtgjersler til dømes ved store utgifter ved transport (behov for taxi eller liknande).

Skal ein representant på møte utanfor kommunen eller på synfaring som krev køyring med eigen bil, kan kommunen yte køyregodtgjersle. *Her må representanten fylle ut og bruke kommunen sitt eiga reiserekningsskjema.*

Godtgjersle følgjer statens satsar for bruk av eigen bil. Tilsvarende køyregodtgjersle gjeld også ved pålagte representasjonsoppdrag. Reiseutgifter i samband med kommunale verv med offentleg transportmiddel, dekkast etter rekning.

Ved pålagt kurs- og møtedeltaking har deltakande politiskar krav på ordinær kostgodtgjersle. Ved inkluderte måltid blir denne godtgjersla redusert etter faste satsar.

Kapittel 8. Dekning av utgifter for tilsyn med barn

§ 8-1. Dekning av utgifter for tilsyn med barn

Legitimerte utgifter til leige av tilsyn med barn under 12 år, funksjonshemma eller sjuke som er naudsynt for utøvinga av tillitsvervetvert godtgjort med inntil kr 900,- pr dag. Faste, private tilsynsutgifter vert ikkje dekkja.

I samband med reiser i kommunale ærend kan legitimerede utgifter til skyss og kost for barnepasser til diande barn dekkast.

Kapittel 9. Rutinar for utbetaling

§ 9-1. Rutinar for utbetaling

For ordførar og representantar med fast godtgjersle blir godtgjersla utbetalt månadsvis automatisk.

All anna godtgjersle blir utbetalt ein gong i månaden ved motteke krav. Skjema for godtgjersle må vere fylt ut med rett møtedato, kor mange timer møtet vara og personalia. Dokumentasjon på legitimert tapt arbeidsforteneste må leggjast ved utvalskjema. Representantane må levere inn skjema elektronisk via Visma før den 15. i månaden. Utbetaling vil då skje den 12. i månaden etter innlevering. Ved innlevering av krav etter frist, vil godtgjersle utbetalast ein månad seinare.

Krav som ikkje er innkommen innan 1 år frå møtet har funne sted, vil som hovudregel ikkje bli utbetalt. Det kan vurderast å betale ut krav innkommen innan 3 år frå møtet har funne sted etter særskilt vurdering.

Kapittel 10. Ikrafttredelse

§ 10-1. Ikrafttredelse

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend